



Statsråden

Energi og miljøkomiteen Stortinget
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/1250-

30. april 2021

Representantforslag 266 S (2020-2021), om at Norge skal bli en global ledestjerne i klimaomstilling

Eg viser til Representantforslag 266 S (2020-2021) frå stortingsrepresentant Per Espen Stoknes, og Energi- og miljøkomiteen si oppmading om mi vurdering av representantforslaget. Her kjem mine vurderingar på dei fire forslaga i representantforslaget:

- 1. Stortinget ber regjeringen skjerpe Norges klimamål for å redusere utsippene av klimagasser fra norsk territorium med 80 prosent innen 2030 sammenlignet med 1990-nivå, og legge fram en forpliktende plan gjeldende fra 1. januar 2022 for å redusere utsippene av klimagasser i tråd med dette.*

Svar:

I februar 2020 skjerpa regjeringa det norske utsleppsmålet for 2030 frå 40 prosent til minst 50 prosent og opp til 55 prosent. Dette er Noreg sitt bidrag under Parisavtalen. Stortinget ga sitt samtykke til Parisavtalen i 2016. I Parisavtalen ligg det ei rettsleg forplikting om å melde inn nye klimamål kvart femte år. Noreg sitt forsterka klimamål blei omtalt i revidert nasjonalbudsjett i 2019 og 2020, og Stortinget hadde der høve til å kome med merknader viss dei ønskte eit anna mål.

I januar 2021 la regjeringa fram ein truverdig plan for å oppfylle dette målet, i Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030. Mellom anna legg vi planen opp til å redusere norske ikkje-kvotepliktige utslepp med 45 prosent i perioden 2021-2030. Regjeringa ønsker å samarbeide med EU om å nå målet. Det inneber mellom anna at dei store norske verksemidene innan industri, petroleum og innanriks luftfart deltek i EUs kvotehandelssystem, der kvotemengda og dermed mengda utslepp skal reduserast gradvis. Om ikkje reglane for

kvotehandelssystemet blir endra, vil utsleppa frå eit samla kvotehandelssystem gå mot null rundt 2050. Difor har regjeringa valt ikkje å ha eit nasjonalt mål for dei kvotepliktige utsleppa. Samstundes gir regjeringa incentiv til at også kvotepliktige verksemder i Noreg i enno større grad vel null- og lågutsleppsløysingar, gjennom investeringar i teknologutvikling gjennom mellom anna Enova og at vi legg opp til gradvis auke i karbonpris opp til 2000 kroner (kvotepris + CO₂-avgift) i 2030, for petroleumsverksemda.

Gjennom debatten i Stortinget av klimaplanen for 2021-2030 opplevde eg at det var brei semje om klimamålet for 2030 og dei viktigaste grepa i klimaplanen, sjølv om fleire av dei store partia òg gav tydeleg uttrykk for at det kjem til å bli krevjande. Klimakur 2030 utgreidde korleis vi kan redusere norske ikkje-kvotepliktige utslepp med 50 prosent. Kva som skal til for å kutte alle norske utslepp med 80 prosent har ikkje blitt utgreidd.

2. *Stortinget ber regjeringen legge fram et forslag som skjerper kimaloven ved å inkludere krav om nasjonale klimabudsjetter og tilhørende handlingsplaner, og gjøre dette som del av statsbudsjettet fra 2022. Forslaget skal også utvide kimaloven slik at kommunene og fylkeskommunene skal styre etter klimaplaner og klimabudsjetter minst i tråd med Parisavtalen.*

Svar:

Kimaloven er ei overordna lov, som lovfestar Noregs klimamål, samstundes som han gir fleksibilitet for ulike politiske løysningar, vegval og verkemiddel. Gjennom klimaavtalen med EU får Noreg eit juridisk bindande utsleppsbudsjett for ikkje-kvotepliktige utslepp. Kimaloven forpliktar regjeringa til å gi ei årleg status på dette utsleppsbudsjetten. Korleis Noreg sitt utsleppsbudsjett skal oppfyllast fylgjer av regjeringas klimaplan.

Kimaloven, slik den er no, forpliktar berre regjering og Stortinget. Kommunane har ei viktig rolle i omstillinga av Noreg til eit lågutsleppssamfunn, men det er ikkje formålstenleg å utvida kimaloven til å òg omfatte krav til kommunane. Kimaloven omfattar alle utslepp frå norsk territorium (med unntak av internasjonal skipsfart og luftfart).

Kommunane er ikkje ansvarlege for alle klimagassutslepp innanfor kommunegrensa. Kimaloven omfattar med andre ord utslepp som kommunen ikkje er ansvarleg for, eller har myndighet til å regulere. Det vil gjere det komplisert om ei lov som omfattar alle Noregs utslepp skal gi konkrete krav til kommunar som berre har myndigkeit til å regulera nokre av desse utsleppa. Det vil krevja ei heilt ny innretning på Noregs kimalov.

Det betyr likevel ikkje at kommunane ikkje skal bidra til å at vi når dei lovfesta klimamåla. Det er allereie på plass ei rekke verkemidlar som legg til rette for at kommunane skal redusera utslepp. Det skjer mykje bra arbeid i kommunane kring klimaplanar og klimabudsjett.

Miljødirektoratet har mellom anna laga kommunefordelt klimagasstatistikk, nye utrekningsverktøy, administrert støtteordninga Klimasats, betre rettleiinga på Miljøkommune.no og lage ei rekke ulike webinarar, om klimaarbeidet i kommunane. Det er òg lagt til rette for aktivitet i lokale og regionale nettverk og møteplassar.

Arbeidet med klimabudsjetter er også godt i gang i kommune-Norge, og mange kommunar har laga slike budsjett, mellom anna Oslo, Trondheim, Bergen, Hamar, Nesodden, Kristiansand, Akershus fylkeskommune og Nordland fylkeskommune. Det finst ulike metodikkar for klimabudsjettering, og metodikken er også i rask utvikling. Oslo kommune har saman med Hamar og Trondheim utvikla ein rettleier i klimabudsjettering. Prosjektet er støttet av klimasats.

3. *Stortinget ber regjeringen gjennomføre en gradvis, forutsigbar og planmessig utfasing av petroleumsvirksomheten innen 2035.*

Svar:

Det er ikke regjeringas politikk aktivt å fase ut petroleumsverksemda i Noreg. I 2050 skal Noreg vere eit lågutsleppssamfunn. Det inneber ei omstilling av samfunnet, slik at vi har låge utslepp i alle sektorar. Petroleumsverksemda i Noreg står overfor streng verkemiddelbruk. Sektoren er underlagt både høg CO₂-avgift og kvoteplikt som vil bidra til at også denne sektoren vil omstille seg. På sikt vil den globale etterspurnaden etter olje og gass bli påverka av at dei enkelte landa gjennomfører klimatiltak. Dette krev ei omstilling frå fossil til fornybar energibruk og –produksjon. Felt på norsk sokkel dekker i dag 2-3 prosent av verdas bruk av olje og gass.

Uvisse rundt utviklinga i produksjon og forbruk mot 2030 og 2050 er stor. Det same er tilfelle for prisane for olje og gass. Norsk produksjon er forventa å falle gradvis frå siste del av 2020-tallet, etter kvart som ressursane på sokkelen blir tømt.

Omstillinga gir oss nye moglegheiter. Vi bruker kompetanse frå olje- og gassnæringa til nye område, som havvind, CO₂-handtering og grøn skipsfart.

Ingen andre olje- og gassprodusentar gjer like mykje for å redusere etterspurnaden etter eige produkt. Elbilpolitikken har ført til at halvparten av alle nye bilar er elbilar. Den første heilelektriske ferga i verda kom i ein norsk fjord i 2015.

Norsk sokkel har verdas strengaste klimaregime. Det har aldri vore tillatt å brenne overskuddsgass over fakkelen. Sektoren er underlagt både høg CO₂-avgift og kvoteplikt. Denne verkemiddelbruken er viktige grunnar til at norsk olje og gass blir produsert effektivt og med låge utslepp. Politikken fungerer. Gjennomsnittlege utslepp per produsert eining på norsk sokkel er i gjennomsnitt om lag halvparten av det globale snittet.

Vi er ikke i mål, utsleppa skal vidare ned. Olje- og gassnæringa har sjølv satt eit mål om å kutte utsleppa med 40 prosent innan 2030, og nær null i 2050. Stortinget har bedt regjeringa vurdere moglegheita for 50 prosent reduksjon i utslepp på norsk sokkel innan 2030 med dagens verkemiddelbruk.

Vi vil auke CO₂-avgifta på utslepp frå olje og gass og sjå auken i samanheng med kvoteprisen, slik at den totale karbonprisen blir 2000 kroner i 2030. Det gjer det meir lønnsamt å kutte utslepp også på sokkelen.

Det klart viktigaste tiltaket for å få ytterlegare reduksjonar i utsleppa frå norsk sokkel er meir bruk av kraft frå land.

Oljenæringa sitt på verdsleiande kompetanse og har stor innovasjonskraft. Ho er ein viktig base for verdiskaping også på andre område. Vi bruker kompetanse frå olje- og gassnæringa på område som medisin, romfart, havvind, CO₂ -handtering og grøn skipsfart.

4. *Stortinget ber regjeringen etablere en oljekommisjon der myndigheter, arbeidstakerorganisasjoner, forsknings- og kunnskapsmiljøer og næringsliv samarbeider om en plan for å opprettholde sysselsetting og skape nye jobber samtidig som oljevirksomheten fases ut.*

Svar:

Som det går fram av svaret på førre spørsmål er det ikkje regjeringas politikk å aktivt fase ut oljeverksemda i Noreg. Eg ser difor ikkje behov for ein slik kommisjon. Regjeringa har varsla at ho vil legge fram ei heilskapleg utgreiing om lågutsleppsutvikling som vil ta føre seg den omstillinga Noreg må gjennom for å bli eit lågutslepssamfunn.

Med helsing



Sveinung Rotevatn